



Vestnes kommune

Brugata 10

6390 Vestnes

Dykkar ref.:

-

Vår ref.:

SAK0000084464

Saksbehandlar:

Natalie Østrem

Dato:

30.03.2023

Innspel til melding om offentlig ettersyn – Detaljreguleringsplan for Sjøgata 17

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap ÅRIM er eigd av syv kommunar i Ålesundregionen. Selskapet er oppretta for å handtere lovpålagde oppgåver innan hushaldsrenovasjon og slam i eigarkommunane, og tilbyr i tillegg avfalls- og slamtenester til private og kommunale verksemdar i regionen.

ÅRIM sine eigarkommunar har vedteke forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen. Forskriftene er heimla i forureiningslova og er i hovudsak likelydande og regulerer t.d. kva eigedommar som er renovasjonspliktige, korleis renovasjonstenestene skal utførast og rett til fritak. I medhald til § 13 i forskrift om hushaldsavfall og slam pliktar alle som foreslår ein reguleringsplan i regionen å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.

Innspel til Melding om offentlig ettersyn – Detaljreguleringsplan for Sjøgata 17

ÅRIM har som mål å tilby ei mest mogleg effektiv og miljøvennleg innsamling av avfall for abonnentane i eigarkommunane. Som eit ledd i vår strategi ønske vi auka satsing på fellesløysingar for renovasjon i tettbygde områder.

Det er ønskeleg at det etablerast moderne avfallsløysingar i Vestnes kommune der det er grunnlag for dette. Ved ny utbygging i tettbygde strøk bør det alltid vurderast moglegheita for å etablere renovasjonsanlegg med nedgrava avfallsbrønner. Fellespunkt for renovasjon vil kunne bidra til redusert CO₂-utslepp i forbindelse med henting av avfall samt auka trafikkisikkerheit grunna mindre trafikk med renovasjonsbil i bustadsfelt. Nedgrava avfallsbrønner er i tillegg ei meir arealeffektiv løysing, det gir høgare brannsikkerheit, universell utforming, og mindre lukt.



Generelt anbefal ÅRIM nedgrava avfallsbrønner for samarbeid med over 30 bueingar. Eit standard sett består av 5 stk. 5 m³ avfallsbrønner for: restavfall, matavfall, papp, papir og kartong, plastemballasje og glas- og metallemballasje. For samarbeid ned mot 30 bueingar kan 4 stk avfallsbrønner vere eit alternativ, kor avfallstypene papp, papir og kartong og plastemballasje kombinerast.

ÅRIM stiller ei rekke krav til tilkomst og utforming for renovasjonsbil tilknytt nedgrava avfallsbrønner, sjå vedlagt utklipp av renovasjonsteknisk norm. ÅRIM skal i tillegg godkjenne utstyr før innkjøp, og prøvekrane og godkjenne anlegget før bruk.

Ta gjerne kontakt med ÅRIM for renovasjonsteknisk rådgiving.

Med helsing

Natalie Østrem, miljørådgivar

post@arim.no | natalie.ostrem@arim.no

Telefon 70 41 31 00 | 988 73 899